

Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 07.06.2023

Tid: kl 11.00 - 16.00

Stad: Møterom 4 – Førde sjukehus

Leiar: Marita Aarvik

Referent: Randi Holsen Solheim

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	fråvær
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	x
Michael Milde	FFO Norges Blindforbund	
Cesilie Udberg Helle	FFO (Mental helse)	x
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	
Arne Hovland	FFO	
Solfrid Fossberg	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Tom André Faye	A-larm	x
Stein Erik Øvrebø	SAFO	
Lene Hetle	SAFO	
Grethe Fischer	Kommunalt råd	
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	
Tid	Sak	Tema
11.00	15/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
11.05	16/23	Godkjenning av referat frå førre møte
11.10	17/23	Informasjon om psykiske helse og rus i helseatlas og medisinske kvalitetsregister v/ Marte Bale - Helseatlas psykisk helsevern og rusbehandling, sjå www.helseatlas.no
11.40		Kort orientering frå Arne Hovland om prosjektarbeid knytt til Livabygget – vi går til brakka for omkledding/påkledding – omvisning i Liva ca kl 12.00
13.00	Lunch på møterom 4	
13.30	18/23	Arne Hovland orienterer om arbeidet i prosjektet
14.00	19/23	Aktuelt nytt frå kommunane – Elin Therese Sørbotten
14.30	20/23	Aktuelt nytt frå Helse Førde – Børge Tvedt
15.00	23/23	Open Post – brukarane sin time <ul style="list-style-type: none"> • Leiar og nestleiar orienterer frå møtet med KS • Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar • Gjennomgang årshjul – tilbakemeldingar? • Fellessamling for brukarutval i Helse Vest 17.-18.oktober • Etablering av frivilligkorps på sjukehuset? Ref modell på Haukeland

Sak	Referat
15/23	Innkalling og sakliste godkjend
16/23	Referat frå førre møte godkjend utan merknad

17/23	Seniorrådgjevar Marte Bale som til dagleg jobbar med Helseatlas, orienterte om psykiske helse og rus i helseatlas og medisinske kvalitetsregister. Sjå eigen presentasjon i vedlegg til referatet.
18/23	Utvalet gjekk i samla flokk til omkleddningsbrakkka der Ervin Beheim tok imot og introduserte til ei svært interessant omvisning i Livabygget. Utvalsmedlemmane lot seg imponere over både bygg og logistikk/ koordinering av ulike tenester og fag.
	
	Tilbake på møterommet orienterte Arne Hovland frå egne erfaringar som brukarrepresentant i prosjektfasen med Livabygget – sjå elles eigen presentasjon. Magne Sellevold og Stein Erik Øvrebø supplerte med innspel frå ulike delprosjekt knytta til nybygget.
19/23	I sin presentasjon av aktuelt nytt frå kommunane synte Elin Therese Sørbotten mellom anna til at det kjem ny nasjonal helse- og samhandlingsplan til hausten, og peikte på at det kunne vere krevjande for kommunane å bidra med gode høyringssvar til mangfaldet av NOU'ar som kjem «som perler på ei snor». Ho oppfordra utvalsmedlemmane med særskild interesse til å lese kap II og VI i sjukehusutvalet sin rapport. Sjå elles presentasjonen.
20/23	Børge Tvedt orienterte om aktuelt nytt frå Helse Førde. Presentasjonen fylgjer som vedlegg.
23/23	<p>Open Post – brukarane sin time</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Sekretariatet gav kort informasjon om utvalet sin økonomi og forbruk pr dato er noko høgre enn for fjoråret - påminning om løpande innsending av reiserekningar og honorarkrav frå medlemmane. ● Fellessamling for brukarutval i Helse Vest 17.-18.oktober vert på Flesland. Ingen mottak av program førebels, men arrangør ynskjer tilbakemelding på kven som deltek ila kommande veke. Påmelding til sekretær som føretek samla påmelding frå utvalet. ● Leiar og nestleiar var i april invitert til møte med KS- Førde, og i samband med orientering frå dette møtet vart det diskusjon om dette møtepunktet samsvarar med

intensjonen i dei lokale retningslinjene som var revidert og godkjend i SSU primo 2023. Etter diskusjonen vart det gjort vedtak om at eit utval på fire personar og med to vara, vert sett opp som møtefraksjon med helse og omsorgsutvalet og KS administrasjon. Ein meiner at dette er innanfor det som ligg i vedtektene for møtet.

Dei valde er: Leiar og nestleiar, Cecilie Udberg Helle og Michael Milde.

1. vara Ruth Berit Garfors 2.vara Arne Hovland

- Gjennomgang årshjul – tilbakemeldingar? Her vart det ikkje nokon diskusjon i det heile

- Førespurnad om etablering av frivilligkorps på sjukehuset etter modell frå Haukeland sjukehus. Utvalet meiner at dette ikkje er ei oppgåve der vi kan ta noko ansvar. Vi ønsker å oppmode om at det vert teke kontakt med eksempelvis Røde kors besøksteneste, Sanitetskvinnene, Frivilligsentralen eller Pensjonistlaget.

- Val av representant til komite samhandlingskonferansen 2024 vert Marita Aarvik

- Oppnemning deltakar prosjekt Kompetansestrategi, Pasientens helseteneste - Lene Hetle.

